

[118] Den utvidede utenriks- og konstitusjonskomite
Møte fredag den 9. februar 1973 kl. 17.00.

Møtet ble ledet av formannen, H e l g e S e i p .

Til stede var: P. Borten, T. Bratteli, K. Frydenlund, G. Hansen, A. Haugstvedt, E. Norvik (for O. Lyng), M. Munkebye, T. Oftedal, H. Seip, K. Willoch, J. Østby, L. Granli, G.A. Larsen, K.J. Brommeland, Aase Lionæs, S. Ludvigsen, S. Nybø, P. Thyness (for S. Stray), I. Ulveseth og B. Unneberg (for J.A. Vikan).

Av Regjeringens medlemmer var til stede: Statsminister Lars Korvald, utenriksminister Dagfinn Vårvik, statsråd Jon Ola Norbom, Finansdepartementet, statsråd Einar Moxnes, Landbruksdepartementet, statsråd Hallvard Eika, Handelsdepartementet, statsråd Ola Skjåk Bræk, Industridepartementet og statsråd Trygve Olsen, Fiskeridepartementet.

Følgende embetsmenn ble gitt adgang til møtet:

Fra Statsministerens kontor: statssekretær Harald Synnes.

Fra Utenriksdepartementet: statssekretær Tormod Svennevig, Ambassadør Jens Evensen, underdirektør Martin Huslid og byråsjef Ulf Underland.

Fra Handelsdepartementet: statssekretær Kåre Gisvoll.

Fra Industridepartementet: statssekretær Carl Rogstad og ekspedisjonssjef Odd Chr. Gøthe.

Fra Fiskeridepartementet: statssekretær Knut Vartdal.

D a g s o r d e n :

EF-saken.

[119] Statsråd Hallvard Eika: Eg skal freista vera kort til innleiing, då komiteen på førehand har fått omdelt to dokument som langt på veg talar for seg sjølve. Det eine er ei omsetjing til norsk av det kompromissframlegg som den belgiske formannen i Dei faste representantars komite, COREPER, van der Meulen, presenterte for Rådet den 5. februar. Sjølv om dette berre var eit framlegg frå formannen i COREPER, har vi fått stadfest at for alle hovudpunkts vedkomande vart framlegget godteke som grunnlag for eit forhandlingsmandat til Kommisjonen når det gjeld forhandlingane med Norge. Sjølv om vi på norsk side ikkje har fått offisielt utlevert noko dokument som inneheld forhandlingsmandatet, og vel heller ikkje kjem til å få det, kan vi etter dei opplysningar som ligg føre, basera oss på at det er dei synsmåtane som er inntekne i kompromissframlegget, som vil verta framførte frå Kommisjonen si side under det første forhandlingsmøtet med Norge.

Det andre dokumentet som komiteen har fått utlevert, inneheld ei oppsummering av Regjeringa sitt syn på korleis vårt forhandlingsopplegg bør utformast, vurdert i ljøs av det forhandlingsmandat som no synest å vera gjeve

Kommisjonen, og i ljøs av dei oppklårande drøftingar vi har hatt med Kommisjonen og dei einskilde medlemsland.

Når det gjeld bakgrunnen for dei slutningar som Regjeringa er komen fram til når det gjeld forhandlingsopplegget, vil eg peika på at for dei såkalla «følsomme» industrivarene inneheld dei andre EFTA-landa sine avtaler eit fast mønster når det gjeld overgangstid og tollnedbygging. Ein lyt sjå i augo at det mønster som der er lagt, utgjer eit nivå som ingen av EF-landa synest vera viljuge til å gå under, m.a. fordi dei reknar med at dersom det skulle verta gjeve betre vilkår for Norge, t.d. i papirsektoren, ville dei andre EFTA-landa straks be om nye forhandlingar. Samstundes er vi i den stoda at det etter det mandat som ligg føre for Norge, er trekt inn nye «følsomme» varer – magnesium, silisium-karbid og halvfabrikata av aluminium. Likeins er det for råaluminium lagt opp til ei meir restriktiv plafond-ordning, med svakare basisgrunnlag, svakare årleg vekst og med lengre varigheit.

Regjeringa har vurdert det slik at det ikkje kan vera rett for denne sektor å satsa på å freista å få betre generelle vilkår enn i dei andre handelsavtalene når det gjeld tollnedbyggingstid og det prinsipielle regelverket i overgangstida, men at ein i første rekkje må setja alt inn på i størst mogeleg grad å få bort dei særtiltak som i fylgje mandatet går ut over innhaldet i dei andre avtalene, og elles arbeida for å få konkrete forbetringar på området plafondar eller kvotar.

[120] Komiteen vil ha lagt merke til at Regjeringa er noko meir presis i forhandlingsopplegget når det gjeld industrivarene, enn når det gjeld fiskeri og landbruk. Dette heng saman med, som ein vil sjå, at mandatet frå EF si side – dømt ut frå van der Meulens skisse – også er meir presist utforma på industrisektoren enn på fiskerisektoren. På industrisektoren synest ikkje Kommisjonen å ha fått nemnande forhandlingsmarginar i mandatet, medan avsnittet om fisk er noko meir fleksibelt utforma. Og når det gjeld spørsmålet om einsidige konsesjonar på landbrukssektoren, har desse ikkje vorte presiserte i det heile teke.

Så nokre ord om samarbeid på særlege saksområde. Desse spørsmåla har ein frå norsk side teke opp under dei oppklårande drøftingane, men det har synt seg at EF har sterke motforestillingar når det gjeld ei direkte avtalefesting. På denne bakgrunn er ikkje Regjeringa innstilt på å fremja krav om særleg avtalefesting av bestemte samarbeidsforpliktingar, men å handtera problemet under forhandlingane slik at ein legg eit best mogeleg grunnlag for at desse samarbeidsproblema kan løysast i medhald av utviklingsklausulen etter kvart som behova melder seg.

Samarbeid i skipsfartssektoren står – som det vil gå fram av det notatet som komiteen har fått tilsendt – i ei særstode, og Regjeringa er her innstilt på å søkja fram til ei akseptabel løysing under forhandlingane.

Når det gjeld Det europeiske kol- og stålfellesskapet, vil komiteen ha sett at Regjeringa som eit utgangspunkt har valt å forhandla om ei avtale etter sveitsisk mønster, dvs. utan prisreglar.

Eg vil i denne samanhengen gjerne leggja til at Fellesskapet gjerne ser at Norge som eit stålproduserande og ståleksporterande land får ei avtale med prisreglar på line med det som Sverige og dei andre EFTA-land utanom Sveits har fått. Det har vore ein del meiningsskilnad i forhandlingsdelegasjonen – som det

har vore og er innan industrien – om ein alt som utgangspunkt burde ta opp forhandlingar om ei avtale etter svensk mønster. Regjeringa er i samsvar med fleirtalet i delegasjonen komen til at ein, slik stoda er innan den delen av industrien som er særleg interessert i dette spørsmålet, bør ta utgangspunkt i den sveitsiske avtale. Skulle det syna seg at dette ikkje er ein farbar veg, er ein budd på å gå over til ei såkalla svensk avtale, med prisreglar, under forhandlingane. Med det utgangspunktet som er valt, vonar ein i så fall i mellomtida å ha fått klårlagt nærare på kva [121] vilkår og med kva for tilpassingar Norge eventuelt kan få ei avtale der prisreglane også er med.

Eg trur ikkje eg skal kommentera vidare dei to dokumenta som komiteen har fått utlevert, men til slutt berre seia nokre ord om timeplanen vidare.

Det er no fastlagt at det første forhandlingsmøte mellom Kommisjonen og den norske forhandlingsdelegasjonen vert fredag den 16. februar kl. 10. På dette møtet vil Kommisjonen leggja fram sine standpunkt på grunnlag av det mandat den har fått, og den norske forhandlingsleiaren vil i eit tilsvarande innlegg gjera greie for det norske synet. Dette møtet vert relativt formelt, med offisielle erklæringar utan noko eigentleg meiningsutbyte. Det vi imidlertid bli sett ned to arbeidsgrupper, ei for «følsomme» industrivarer og ei for problema i tilknytning til Kol- og Stålfellesskapet, der ein vil arbeida meir i detalj med spørsmåla.

Når det gjeld fisk og skipsfartsspørsmål, ønskte ikkje Kommisjonen å setja ned formelle arbeidsgrupper for desse spørsmåla, som etter Kommisjonen sitt syn på ein måte vert drøfta utanfor den eigentlege handelsavtala. Drøftingar om desse spørsmåla vil difor skje meir uformelt mellom delegasjonssjefane.

Det er vanskeleg å spå noko meir eksakt om kva tid forhandlingane kan verte slutførte. Som eg sa på ein pressekonferanse for nokre dagar sidan, skulle det framleis vera mogeleg å få avslutta forhandlingane innan 1. april, dersom den politiske viljen er til stades hjå bae partar. På den andre sida lyt ein sjå i augo at fristen er svært kort, og datoen 1. april kan difor ikkje vera ukrenkjeleg dersom ein gjennom noko lengre forhandlingar kan ha von om å få betre vilkår. Regjeringa er klår over at det i så fall kan verta ønskjeleg med mellombels ordningar for den tid som går frå 1. april inntil ei avtale mellom Norge og Fellesskapet trer i kraft, særlig gjeld dette i høve til opphavsreglane. Dette problemet, som vi elles har sams med Finland, er alt teke opp med Kommisjonen.

Noko som gjer at datoen 1. april kan bli noko vanskeleg å halda, er at Ministerrådet møtest berre ein gong om månaden, og dei neste møtedatoane er 5.-6. mars og 2.-3. april. Med det relativt stramme mandat som Kommisjonen har fått, spesielt på industrisektoren, lyt Kommisjonen truleg attende til Rådet om det skal verta vesentlege endringar i substansen, og dette er ein prosess som tek tid.

[122] Eg vil då til slutt berre understreka at Regjeringa på si side sjølvsagt vil setja alt inn på at forhandlingane frå norsk side skal verta førte så snøgt og effektivt som råd er.

Formannen: Jeg takker for orienteringen og gir ordet til hr. Frydenlund.

Knut Frydenlund: Vi har jo startet hvert eneste møte her om denne saken med å ta all verdens forbehold fordi vi ikke har hatt den nødvendige tid til å gå gjennom denne kompliserte materie. Det er jo her veldig vanskelige avveinings spørsmål mellom de forskjellige næringer.

Det forbeholdet vil vi også ta ved dette møtet. Det er ikke meningen at disse forbeholdene skal bli et slags ritual eller en slags klagesang, men jeg har funnet det nødvendig å si det, ettersom det i det notatet som er sendt rundt, på side 4 – punkt 11 – i forbindelse med spørsmålet om fisk og fiskeprodukter, sies at

«Regjeringen, etter samråd med den utvidede Utenrikskomite, allerede i memorandumet av 4. desember 1972» osv.

På bakgrunn av den meget korte tid vi har til å gjennomgå disse papirene, er det klart at det vi sier, blir uttrykk for de foreløpige synspunkter, det blir de meninger vi rent spontant kan legge fram. Men det er klart at hvis Regjeringen skal basere seg på våre uttalelser på den måten at den skal si «etter samråd med den utvidede utenrikskomite», så må vi ha mer tid til å arbeide med spørsmålene.

Med dette generelle forbehold vil jeg gjerne få stille noen spørsmål som kan bidra til oppklaring.

På side 2 i notatet, under punkt 4, er det i siste avsnitt referert til at «Regjeringen er innstillet på at Norge skal godta bestemmelsene om konkurranseregler, om beskyttelsesregler» osv.

Regjeringen har tidligere i et notat til komiteen sagt at dette ikke vil bety at de støttetiltak vi bruker i Norge i dag, vil bli endret. Men jeg ville være interessert i å få dette bekreftet i dag.

[123] Et annet spørsmål gjelder punkt 7 på side 3 vedrørende skipsfartssektoren. Der går det fram at Regjeringen har latt falle kravet om en egen skipsfartsklausul i selve avtalen. Nå er det jo mye som tyder på at EF selv også er interessert i en viss konsultasjon med Norge om skipsfart, så jeg vil be Regjeringen vurdere om det ikke likevel bør foreslås at man tar dette med i avtalen.

Et tredje punkt som jeg har lyst til å spørre nærmere om, gjelder punktene 10 og 11 i notatet. Det gjelder norske innrømmelser for landbruksprodukter som har særlig interesse for enkelte EF-lands eksport. Det sies i notatet at Regjeringen har fått indikasjoner på at EF vil stille betingelser her. Det som jeg da er interessert i å vite, er om Regjeringen vet mer om hva dette går ut på. Det er vel åpenbart noe mer enn suppleringsimport som EF her har i tankene. Vi har jo lest forskjellig om dette i avisene, men nå er det av interesse å få vite omfanget av dette, og også eventuelt hvor langt Regjeringen er innstilt på å gå i motytelser på denne sektor.

Nederst på siden, i slutten av nest siste avsnitt, står det:

«Slike tollinnrømmelser er knyttet sammen med visse motytelser fra norsk side i jordbrukssektoren, og med opprettholdelse av de nåværende alminnelige konkurransevilkår innen fiskerisektoren.»

Denne siste formuleringen, om opprettholdelse av de nåværende konkurransevilkår innen fiskerisektoren, er den å forstå slik at den innbefatter fiskerigrænseproblematikken, at det er EF's måte å si det på at disse konsesjonene

når det gjelder tollinnrømmelser for fiskeprodukter, er avhengig av Norges holdning til fiskerigrensen?

Et femte spørsmål gjelder den listen over foredlede fiskevarer som man finner på side 5; om den oppsummeringen fra a) til d) er tilfeldig, eller om den inneholder Regjeringens egen prioritering.

Når det gjelder «følsomme varer», punkt 12 på side 6, har Regjeringen lagt seg på den linje å prioritere oppgaven med å få fjernet fra listen de «nye» varer som ikke foreligger i de øvrige avtaler. En annen fremgangsmåte kunne selvfølgelig være å finne ut hvilken industri man ville prioritere, uavhengig av om dens varer var på listen fra før eller var kommet til «nye». Jeg var bare interessert i om dette har vært forelagt kontaktutvalget med industrien, om man der er innforstått med denne fremgangsmåten.

[124] Så gjelder det det siste punkt, punkt 13, vedrørende Kull- og stålfellesskapet. Her går Regjeringen inn for å følge den sveitsiske modellen. Mitt spørsmål er om man her i realiteten har noe valg. Er det slik at EF sier at: det er fritt for dere om dere velger den sveitsiske eller den svenske, eller vil EF's holdning være at de vil søke å få til at det blir den svenske løsning? Og hvis så er tilfelle, er det da klokt, psykologisk riktig, å starte opp med den sveitsiske?

Et spørsmål som ikke er nevnt i notatet, men som vi har reist tidligere, gjelder forholdet til Svalbard. Svalbard dekkes jo av EFTA-avtalen, og dersom det i fremtiden blir funnet nye mineraler eller eventuelt olje på Svalbard, vil jo dette være av betydning bl.a. fordi spørsmålet om opprinnelsesregler da vil komme inn.

En annen årsak til at det kan være grunn til å ta med Svalbard, er et generelt ønske om å markere tilhørighet til Norge.

Handelsministeren var i slutten av sitt innlegg inne på timeplanen. Og det er klart at hvis man fra norsk side går inn for at Kommisjonen skal endre det mandat den har fått, vil ikke 1. april holde. Man har det første Ministerrådsmøte i begynnelsen av mars, og da er det ikke mulig etter det å få noe tilleggsmandat – og så er man allerede i begynnelsen av april. Nå sa handelsministeren at denne datoen, 1. april, ikke var ukrenkelig. På den annen side tror jeg at man skal ha seg et meget berettiget håp om å få bedre resultater, om man vil forlenge forhandlingene. Vel, det blir jo forhandlernes vurdering, men jeg tror at det å trekke forhandlingene i langdrag, neppe vil skape noen bedre forhandlingsatmosfære i Brussel. Og som sagt, man skal ha meget berettiget håp om forbedringer for å kunne slå inn på den linjen. Om man får en mellombels avtale, som det kalles, vil for det første mye arbeid gå med til å forhandle om denne mellombels avtalen. Alt dette vil øke den usikkerhet i næringslivet som vi alle er interessert i å få fjernet.

Formannen: Det var vel så mange spørsmål at handelsministeren kanskje vil svare på dem med det samme.

[125] Statsråd Hallvard Eika: Eg skal gjera det så godt eg kan.

Det første spørsmålet frå representanten Frydenlund galdt beskyttelsesregelen og var konkretisert, så vidt eg forstod, i eit spørsmål om Regjeringa vurderte det slik

at disse beskyttelsestiltaka og konkurransereglane ville få avgjerande innverknad på våre støttetiltak. Det har Regjeringa forsøkt å vurdere og er komen til at det ut frå ei vurdering av situasjonen i Fellesskapet, dei tiltak og reglar som brukast der, og på bakgrunn av situasjonen hos oss, dei reglar og tiltak vi nyttar, og handelsavtalas karakter, ikkje er grunn til å rekna med at det vil oppstå problem av betydning i samband med EF's vurderingar av norske støttetiltak.

Det neste spørsmålet galdt punkt 7, og var eit spørsmål om Regjeringa var villig til å ta opp igjen spørsmålet om korleis skipsfartsklausulen skulle handterast under forhandlingane. Det spørsmålet har vore nøye vurdert, ikkje minst på bakgrunn av dei reaksjonar som eg fekk frå dei oppklårande drøftingane i Brussel og også på mi reise rundt. Eg har over alt fått det sterke inntrykket at det byr på klåre formelle problem for Fellesskapet å ta dette direkte inn i ei avtale, ikkje minst på bakgrunn av at Fellesskapet pr. i dag ikkje har forma nokon sams skipsfartspolitik. Formelt høyrer skipsfartspolitikken såleis ikkje med til Kommisjonen arbeidsområde, sjølv om dei like vel som vi veit at skipsfartsspørsmål kjem fram ved einskilde handelsavtaleforhandlingar med tredjeland.

På basis av desse opplysningane og vurderingane har Regjeringa saman med forhandlingsdelegasjonen kome til den konklusjon at det er lettast å oppnå reelle tilsegner på denne sektoren ved å freista å løysa spørsmålet utanom sjølve avtala. Det er ei heil rekkje forskjellige metodar som kan vera aktuelle – anten protokollar til avtala, brevveksel direkte, formelt tilknytta avtala eller formelt uavhengig av avtala osv. Det som synest vera klårt etter dei samtalene som eg har hatt med representantar for EF, er at der er reell interesse for for framtida å ha effektive samrådingar med Norge i skipsfartsspørsmål, og at det er først og fremst eit spørsmål om å finna fram til fasongen.

Tredje spørsmålet galdt fiskerigrenseproblemet, og det går på den innleiinga som dere sikkert har sett i skissa frå van der Meulen, på side 3 under punkt 2 b, der det heiter

«med forbehold om at de nåværende alminnelige konkurransevilkår innen fiskerisektoren opprettholdes og under hensyntagen til de krav som er uttalt»

....

[126] På bakgrunn av dei informasjonar og inntrykk som eg har fått gjennom samtaler både i medlemsland og med representantar for Kommisjonen, har eg fått eit sterkt inntrykk av at dette bl.a. dekkjer over fiskerigrenseproblematikken. Det er nok andre problem også involvert i denne formuleringa, bl.a. omsynet til prisreguleringa innanfor Fellesskapet, men vi har iallfall fått den klåre oppfatninga at denne forholdsvis alminnelege formuleringa med «alminnelige konkurransevilkår» også dekkjer over fiskerigrensespørsmålet.

Det neste spørsmålet gjekk på landbruksvarene, punkt 10. Til det spørsmålet må eg berre seia at eg korkje i samtaler i Brussel med Kommisjonen folk eller under mine reiser nokon gong fekk konkretisert eller presisert kva slags krav dette ville koma til å dreia seg om. Den nærmaste presisering eg har sett, er den som står i

van der Meulens skisse, der det heiter: «frukt og grønnsaker, blomster (ikke spiselige) hagebruksvarer og viner».

Eg freista bl.a., då spørsmålet var oppe i Italia, å få italienarane til å presisera dette, og det einaste svar eg fekk, var at dei italienske krava ville iallfall ikkje verka dramatiske eller skapa spesielt store problem for Norge. Noko nærmare kom eg i det heile tatt ikkje eit svar på dette. Og det er ein av grunnane til at vi heller ikkje i dette dokumentet har kunna foreta noka nærmare vurdering av kor langt ein måtte vera innstilt på å gå, eller andre former for prioritetsvurderingar.

Så var det eit spørsmål til side 5, punkt 11 – om den lista over varer under a), b), c) og d) – det var iallfall slik et oppfatta det – gav uttrykk for vår eiga prioritering. Til det vil eg seia at eg trur ikkje det er rett å seia det slik. Regjeringa har ikkje her drøfta desse produkta ut frå det synspunktet som eg oppfatta låg bak representanten Frydenlunds spørsmål, om kva for nokre av desse varene ein skulle droppa først eller leggja sterkast brett på om det var nødvendig å velja mellom dei. For så vidt ligg det i denne lista ikkje uttrykk for noka prioritering, men lista i seg sjølv er sjølv sagt eit uttrykk for korleis ein prioriterer desse produkta framfor andre produkt som ikkje er nemnde.

Det neste spørsmålet frå representanten Frydenlund var om Regjeringa hadde vurdert godt nok då den valde den lina å freista å konsentrera seg om bl.a. å få vekk dei nye «følsomme» varene, om vi hadde vurdert det på bakgrunn av at det ut frå eit [127] heilskapsbilete kunne vera meir å oppnå ved å satsa på betringar for ein del industriar. Det spørsmålet har vore vurdert. Ein av dei vesentlege grunnane for at vi har valt denne lina, er det som eg prøvde å poengtera i mitt innlegg, at vi har fått ganske klare inntrykk av at det innan Fellesskapet vil vera sterk motstand mot å gje Norge fordelar for dei «følsomme» varene, fordelar utover det som dei andre EFTA-landa har fått, ut frå resonnementet at det vil lett koma til å utløysa krav frå desse landa om nye forhandlingar med sikte på å oppnå det same. Dette er med i bakgrunnen for vår vurdering.

Deretter var det eit spørsmål om Kol- og stålfellesskapet, og det vart spurt om det var psykologisk og forhandlingsmessig riktig å starta med den sveitsiske modellen. Det var den eine delen av spørsmålet, så vidt eg hugsar. –

Knut Frydenlund: Spørsmålet var basert på en vurdering om man her i realiteten hadde noe valg, om EF ikke selv ville gå så sterkt inn for den svenske ordningen at man ville ende der likevel.

Statsråd Hallvard Eika: Det er eit av dei spørsmål som er veldig vanskelege å vurdera. Det har offisielt frå Kommissjonens side vore sagt at Norge står fritt til å velja mellom den svenske og den sveitsiske ordninga. Men under dei oppklårande drøftingane har ein fått eit inntrykk av at Kommissjonen aller helst ser at Norge vel den svenske ordninga, slik at det her i valet mellom svensk og sveitsisk ordning kan liggja eit forhandlingspsykologisk moment. Det omsynet har vore med i Regjeringas vurderingar.

Likevel har vi på bakgrunn av dei standpunkt som har vore tatt i undergruppene og Regjeringas sjølvstendige vurdering av situasjonen, funne at det må vera riktig å starta opp med den sveitsiske ordninga, sjølv om vi ser det i augo at motstanden innan Fellesskapet mot å gje oss adgang til tilknytning til Kol- og stålfellesskapet utan prisreglar kan ha auka såpass mykje sidan vi fekk den offisielle meldinga frå Kommisjonen, at det ikkje går. Vi trur at vi gjennom ein slik prosedyre, sjølv om den kan ha visse baksider, har lettare for å koma i ein slik forhandlingsposisjon at vi, dersom vi hamnar på den svenske løysinga, har større moglegheiter til å finna fram til modifikasjonar som løyser eller tar omsyn til visse spesielle norske problem.

[128] Når det gjeld spørsmålet om Svalbard skal vera med eller ikkje, så har det spørsmålet vore drøfta i Regjeringa utan at Regjeringa til no har tatt endeleg standpunkt til saka. I samsvar med spørsmåletts spesielle karakter vert det heller ikkje aktuelt å reisa det i innleiingsforedraget der nede neste fredag. Derfor må Regjeringa få koma attende til det spørsmålet.

[129] Formannen: Jeg takker statsråden for svarene. Jeg har notert et par andre spørsmål her, som jeg kanskje kan få komme med samtidig.

Først til det spørsmålet som hr. Frydenlund åpnet med, henvisningen til konsultasjoner med komiteen. Jeg festet meg også ved den samme ordlyd, men jeg reagerte i grunnen noe annerledes, fordi jeg gikk ut fra at det Regjeringen her slo fast, var at det etter kontakt med komiteen var et ønske om å bringe temaene inn uten at man belastet komiteen med noe bestemt standpunkt. Det synes jeg i grunnen det var dekning for i møtet. Men jeg er enig med hr. Frydenlund i at man skal være forsiktig med å påberope seg komiteen lenger enn det er dekning for. For meg står det imidlertid slik at Regjeringen har dekning for det som ble sagt på dette punkt.

Statsminister Lars Korvald: Den vanlige formulering er: «etter å ha rådført seg med komiteen». Det er Regjeringens ansvar i alle tilfelle, så det burde vel ikke stått i dokumentet her i den form det har fått. Jeg ber om at det ikke blir lagt noen vekt på det.

Formannen: Et annet spørsmål gjelder fiskerigrensen. Der var vi sist enige om at Regjeringen skulle overveie om man kunne gjenta den uttalelsen som handelsministeren gav i møtet, i en slik form at den kunne offentliggjøres. Det kunne enten skje på den måten at man simpelthen offentliggjorde et par avsnitt av det handelsministeren har sagt her i møtet, eller at man fant en formulering som dekket de viktigste punktene i handelsministerens uttalelse. Nå ser jeg en uttalelse om fiskerigrensespørsmålet her i notatet, som vel ikke er beregnet på offentliggjøring. Det en da naturlig reiser spørsmålet om, er om Regjeringen har tenkt nærmere gjennom den form som en offentliggjøring her kan få, om man i tilfelle finner at en gjengivelse av referatet fra handelsministerens innlegg i forrige møte helt eller delvis for dette punkts vedkommende kan gå ut som en offentlig uttalelse.

Når det gjelder opplysninger om jordbrukskrav fra EF's side, forstår jeg at det vi der har lest i pressen, foreløpig ikke er kommet som krav til Regjeringen. Det som har slått mange i denne sammenheng, er at kravene har vært knyttet til perioder som i høy grad faller sammen med våre produksjons- og markedsføringsperioder, og det har naturligvis i tillegg til de vareslagene som det er pekt på, gjort at en her gjerne ser en avklaring, men det vil vel da komme senere.

[130] Så nevnte handelsministeren at vi når det gjaldt mulige overgangsproblemer, stod i samme stilling som Finland. Jeg håper endelig ikke det er tilfelle. Så vidt jeg forstår, er den finske stilling ganske spesielt annerledes enn den norske. Finland har som kjent sluttført sine forhandlinger, og det ble tidligere antatt at finnene ville ratifisere sin avtale relativt raskt. Jeg husker at da vi før jul hadde utenriksdebatten, svarte utenriksministeren meg på det punktet at man ikke hadde grunn til å tro noe annet. I dag har vi i høy grad fått grunn til å tro noe annet, og det kunne være interessant å få vite om man fra Regjeringens side har noen formening om hvorledes det går med den finske ratifisering. Venter man her på at man samtidig skal ha formulert avtale med COMECON, eller er man simpelthen nødt til å søke andre løsninger fordi man ikke finner at det er politisk mulig for Finland å ratifisere den avtalen som det store flertall av den finske riksdag ønsker å ratifisere snarest mulig?

Endelig kunne det være interessant å få en nærmere vurdering av hvorledes man ser på mulighetene for å komme over på i det minste Sveriges regler for de følsomme varer, der vi har fått et tilbud som går lenger i restriktiv holdning enn det som er gitt overfor Sverige.

I samme forbindelse: Er det noen mulighet for å få en løsning for herdet fett, eller betyr den nye handelsordningen i Europa at denne industrien må bygges vesentlig ned i vårt land?

Til slutt: Når det gjelder Svalbard, er jeg enig med hr. Frydenlund i at man bør komme fram til regler slik at Svalbards forbindelse med Norge blir markert samtidig med den øvrige avtale, med mindre det skulle være spesielle argumenter som vi ikke er kjent med her, som taler for det motsatte. Med den økende interesse det er for Svalbard også i internasjonal sammenheng, tror jeg at det er grunn til å presisere i alle viktige forbindelser at Svalbard er en del av Norge og fortsatt bør være det.

Statsminister Lars Korvald: Det var bare til spørsmålet om det som ble sagt av handelsministeren om fiskerigrensen i forrige møte, og om man skal offentliggjøre hans uttalelse, som det heter, fra den konferansen.

Jeg for min del vil si det slik at jeg tror ikke det er riktig å offentliggjøre noen flere uttalelser nå som vi holder på å gå inn i en fase med reelle forhandlinger. Vi har en offentlig uttalelse i regjeringserklæringen; vi har de offentlige uttalelser som falt i Stortinget i forbindelse med markedsdebatten, og jeg kan ikke se at det er noen vesentlige uoverensstemmelser mellom disse uttalelser og det handelsministeren sa her.

[131] Jeg er enig med formannen i at det som nå er formulert i dette utkastet fra Regjeringen, ikke er egnet til noen offentliggjørelse, og det er det heller ikke tenkt til. Det er et tilsvar som man mener vil være nødvendig ut fra det at man forstår at Fellesskapet ønsker en uttalelse, og man forsøker da å forme den slik at den forhåpentligvis kan godtas, istedenfor at vi i motsatt fall kanskje skulle få en formulering som vi ikke er så tjent med.

Jeg vil derfor be om at man lar det bli med det som Regjeringen sier om dette spørsmålet i notatet, som er et helt internt notat, og som eventuelt skal gå inn i den uttalelse som forhandlingslederen skal legge fram som et motsvar til Kommisjonen på det første forhandlingsmøtet.

Karl J. Brommeland: Et spørsmål i forbindelse med det statsministeren sa her.

Vil ikke dette åpningsinnlegget bli offentliggjort når det er holdt neste fredag? Da kommer jo den fine formuleringen til offentligjøring. Åpningsinnlegget kan da ikke hemmeligholdes?

Statsråd Hallvard Eika: Direkte svar til det.

Formelt sett vert ikkje opningsinnlegget offentleggjort, men all røynsle viser at det vel kjem i massemedia likevel.

Guttorm Hansen: Hvis man skal forsøke å vurdere det man i dag vet om mandatet, på grunnlag av de dokumenter vi har fått, sitter man selvfølgelig med det samme inntrykk som Regjeringen tydeligvis har, at dette er ikke tilfredsstillende. Dette må man da søke å få forbedringer på, og det gjelder i særlig grad utvidelsen av listen og tilstrammingen av kvotene for industrieksporten og da for de følsomme varene.

Jeg vet ikke om den prioritering som Regjeringen har foretatt på dette område, er drøftet med industrien. Mitt inntrykk er – hvis jeg forstår notatet riktig – at man her i første rekke har prioritert å få bort de såkalte nye varer, og dernest spørsmålet om kvotene i ordningen for råaluminium. Så vidt jeg kan skjønne, er denne kvoten for råaluminium meget liten i forhold til den eksport vi har til dette marked.

[132] Det er vel nokså vesentlige spørsmål hva man her prioriterer først og sist. Det er den ene tingen.

Når det gjelder spørsmålet om skipsfart i avtalen, forstod jeg handelsministerens svar til hr. Frydenlund slik, og jeg bare noterer meg det med interesse, at man tydeligvis vil slå seg til ro med en form for politisk erklæring eller garanti fra EF om at man er villig til å ta opp skipsfartskonsultasjoner, eventuelt at man vil slå seg til ro med en brevveksling eller hva det nå måtte være man får i denne forbindelse. Jeg bare noterer meg med interesse at det er slik.

Personlig må jeg nok si jeg er litt forbauset over dette syn, men for meg er det selvfølgelig all right. Hvis Regjeringen mener det, får man ta opp det spørsmålet når man kommer så langt at man vet noe mer om hva dette vil inneholde.

